

Referat frå evalueringsmøte,
Konferanse plan- og byggesaker 17. oktober 2013

Møtet vart helde: 10. februar 2014, Frekhaug - Meland kommune, rådhuset
Deltakarar: Anny Bastesen, Asbjørn Toft og Harald J. Stanghelle

Gruppeavart peika ut til å ta del i førebuingane til konferansen og er og evalueringsgruppe. Grupperbeidet på konferansen er samanfatta av Rune Heradstveit i NUI og har vore eit grunnlag for evalueringa vår.

Det er tydeleg at Fylkemannen i Hordaland sette konferansen høgt med sjølv å ta del, som deltakar og med ord til konferansen. Ein vel å merka seg dette.

Deltakartalet syner at det er interesse for ein slik konferanse og det var godt engasjement under gruppearbeidet. Foredragshaldarar leverte det dei var spurt om og viktige sider vart belyst.

Det kom og fram svært uheldige sider ved samhandling mellom partar innan plan- og byggesak, ved at ein av föredragshaldarane gjekk til åtak på handteringen av saker i Lindås kommune, snarare enn å vera konstruktiv i si haldning og peika på korleis saker vert handterte på best mogeleg måte.

Dette gjorde til at delar av konferansen hadde ei haldning som ikkje fremja samarbeid, ei heller ynskje om fleire konferansar i same lei.

Evalueringsgruppa finn det heilt rett å halda fram med ein slik samhandlingsarena med årleg konferanse.

Gruppa føreslår at det vert tydeleg til neste konferanse at det skal setjast lys på dei gode eksempla frå samhandling. Det er mange døme på dette og mykje å læra korleis ting kan gjennomførast. Fast styring med innhald er naudsynt.

Likeins vil gruppa peika på at gjennomføring av arbeidet i plan- og byggesaker ofte er avhengig av at det er vanskelege saker kapasitetsmessig og kompleksiteten i mange saker er høg.

Små kommunar kan ha store vanskelege utbyggingsprosjekt, der ei god handsaming er heilt avhengig av kommunikasjonen mellom partane. Kommunikasjon må vera eit område som får fokus på neste konferanse.

Gruppa knkluderer med at sjølv om delar av konferansen var "skyttergravsiktig" er det ikkje rett å la dette ta fokus bort frå det positive slike konferansar kan oppnå.

Manger 11/2-14

Harald J. Stanghelle
Referent